

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

**Vår dato:** 08.04.2024

**Vår ref.:** 202307997-12 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Randi Holme 99 21 51 22/

rho@nve.no

## **Skagen kraftverk - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for vassveg Skagen kraftverk - Luster kommune**

### **Vedtak**

*NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 05.04.2023 for rehabilitering av vassveg og tilhøyrande anlegg ved Skagen kraftverk i Luster kommune.*

### Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet,
- Helikopterflyging før august månad skal unngåast. Dersom dette likevel viser seg nødvendig for å gjennomføre tiltaket skal Statsforvaltaren i Vestland kontaktast for å avklare tidspunkt og flyrute
- Entreprenør skal gjerast kjend med detaljplanen og dette vedtaket
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal.](#)

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon datert 25.01.1957. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 25.01.1957 post 15.

### **Tilsyn**

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Konsesjonæren har eit sjølvstendig ansvar for å utarbeide eit internkontrollsystem for prosjektet, og vi føreset at dette vert etterlevd.



## Vår handsaming av søknaden

Skagen kraftverk er bygd som ein del av Fortun-Grandfaste kraftanlegg. Kraftverket nyttar eit fall på 960 meter frå Skålavatn der inntaket ligg. I tillegg vert det henta vatn frå fleire bekkeinntak. Det omsøkte tiltaket har bakgrunn i pålegg frå NVE. Revurdering av vassvegen i Skagen kraftverk og inntaksluker i Skålavatn avdekka fleire avvik, og desse skal utbetrast.

Detaljplanen vart sendt på høyring 16.11.2023 til Luster kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Breheimen Nasjonalparkstyre, Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, DNT Oslo og omegn og Luster turlag. Fråsegnene er sendt til Hydro Energi (HE) for kommentar. NVE mottok HE sine kommentarar 16.01.2024.

### *Detaljplanen*

Tiltaka det er søkt om fordeler seg på fem hovudområde.

Ved Gjessingane skal tunnelen sålereinskast og sandfanget i vassvegen skal tømmast. Tverrslagsporten ved Turtagrø skal skiftast og ved Rya skal luka i overføringstunnelen mellom sydoverføringa og hovudtunnelen skiftast. Revisjonsluker ved Nausanosi skal skiftast og betong kring konusar skal reparerast. Ved Skålavatn skal det gjennomførast tiltak i lukepropp og skillevegg i lukehuset. Mykje av anleggsarbeida er lagt til vinterstid og vil føregå inne i driftstunnelen eller på areal som er nytta i tidlegare bygge - og vedlikehaldsarbeid. Massar som vert reinska ut frå tunnelar og sandfang vert lagra permanent i allereie eksisterande tippar ved anlegget.

Arbeida er planlagt gjennomført i perioden frå sommaren 2024 til sommaren 2025.

### *Fråsegner*

Statsforvaltaren i Vestland ga fråsegn til planen i brev datert 30.11.2023.:

*«Planlagt rehabilitering er nødvendig og har stor samfunnsnytte, og det må akseptrast noko ulempe for allmenne interesser. Samtidig er det viktig at arbeidet blir utført med minst moglege nye naturinngrep, at tiltaka blir tilpassa landskapet så godt som råd, og at området blir sett godt i stand att etter anleggsperioden i tråd med moderne prinsipp om bruk av den naturlege frøbanken.*

*Tiltaksområda ligg nord i Vest-Jotunheimen villreinområde, like sør for grensa til Reinheimen - Breheimen villreinområde, og tiltaka vil kunne påverke både vinterbeiting, trekk og kalving. Det er foreslått avbøtande tiltak i detaljplanen, mellom anna å frese ned brøytekantar for å sikre trekkorridor og eventuelt avbryte arbeidet medan det er dyr i området. Det er viktig at det blir halde god dialog med villreinnemnda i anleggsfasen.*

*Utover villreinen, ser det ikkje ut til at tiltaka vil kome i konflikt med registrerte naturverdiar. Vi kjenner ikkje til andre artar eller naturtypar i tiltaksområdet, utover det som ligg inne i Naturbase og Artskart.*

*Tiltaka er i stor grad knytt til eksisterande inngrep, med mellom anna gjenbruk av gamle tippar og tilkomst på eksisterande infrastruktur eller med helikopter. Vi oppfattar at myra*



ved tippen i Rydalen vil bli ivareteke, og det er viktig at det ikkje blir fylt noko meir masse på det attverande myrarealet.

Det er store friluftsjnteresser knytt til tiltaksområdet, som ligg tett på både Jotunheimen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark. Det er omtalt at turstiar ved Gjessingane og nordover mot Skålavatnet ligg innanfor planlagt anleggsområde, men at arbeida der vil bli utført vinterstid medan det er lite turaktivitet. Vi legg til grunn at det blir halde god dialog med turinteressene i anleggsfasen.

Flaum- og skredfare er vurdert i planen. Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Tiltakshavar har avklara med Statsforvaltaren at tiltaka blir omfatta av forureiningslova § 8 om forureining frå mellombels anleggsarbeid, og at det dermed ikkje er krav om løyve etter forureiningslova».

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til planen i brev datert 01.12.2023, og oppsummerer fråsegna slik:

«Vestland fylkeskommune finn ikkje behov for å varsle arkeologisk registrering i samband med rehabilitering av vassveg og tilhøyrande anlegg ved Skagen kraftverk i Luster kommune. Fylkeskommunen har vore på synfaring i området der det er registrert ein automatisk freda gravhaug (id.173547), og det vart ikkje observert nye automatisk freda kulturminne. Hydro Energi skal markere opp og sperre av kulturminnet i anleggsperioden og sjå til at kulturminnet ikkje vert råka i samband med anleggsarbeidet.

Tiltaksområda ligg nord i Vest-Jotunheimen villreinområde, like sør for grensa til Reinheimen - Breheimen villreinområde. Området rundt Skålavatn vert i hovudsak nytta som vinterbeite for villrein, medan sørsida vert nytta også til barmarksbeite. Fylkeskommunen stiller seg positive til dei føreslegne forslaga for å unngå uro for villreinen, men meiner at tiltak i tredje kulepunkt, i detaljplanen side 14, må strammast inn og tydeleggjerast.

Etter det vi kan sjå er ikkje fisk og vassmiljø nemnt i detaljplanen for miljø og landskap for Skagen kraftverk, og i liten grad også i detaljplanen for flaumløp dam Storevatn. Tømming av sandfang og etablering av massedeponi nær vassdrag kan føre til transport av lausmassar. Det er viktig så langt som råd å unngå at massar blir transportert ut i vassdraga. Vi saknar vidare ei vurdering av konsekvensar på fisk og ev. andre ferskvassorganismar ved slepp av minstevassføring via Fortundalen og redusert minstevassføring nedstraums Skagen».

Om automatisk freda kulturminne – gravrøys id. 173547 skriv fylkeskommunen blant anna:

#### «Bandlagt sikringssone

Med til eit automatisk freda kulturminne høyrer ei sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten av lokaliteten. Gravrøysa er merka med ein «R» og sikringssona er gult felt som er omkring kulturminne. Sikringssona til eit automatisk freda kulturminne er også freda etter kulturminnelova jf. § 6. I samsvar med kulturminnelova § 3 fyrste ledd er inngrep i



automatisk freda kulturminne og sikringssona forbode med mindre det er gitt løyve etter kulturminnelova § 8.

#### Tiltak ved gravrøys - Rya bekkeinntak - ny straumkabel

I samband med at Hydro Energi skal anlegge ny luke til lukehuset ved bekkeinntak Rya skal dei føra fram ny straumkabel frå lukehuset som skal kople seg på ny 22 kV-leidning som skal gå aust for lukehuset (eget prosjekt). Trase for ny straumkabel kjem tett på gravrøysa (id.173547). Omtrentleg trase for straumkabel er vist på arealbrukskartet. Traseen er lagt i eit søkk i terrenget der ein framleis ser hjulspor frå anleggstida. I samband med omlegging av 22 kV leidning mellom Turtagrø og Juvatn har fylkeskommunen vore i kontakt med Hydro angående ny straumkabel ved Rya. Vi har fått opplyst at kabelgrøft skal gravast ned i midten av den gamle anleggsvegen, og at grøfta vil vere ca. 40-50 cm brei. Tiltak skal vere tilpassa terrenget slik at ein slepp å sprenga. Vi ber om at landskapet vert tilbakeført til opphavelig stand så langt det er mogeleg, og at ein ved opparbeiding av mellombels riggområde og tilkomstveg sør for gravrøysa tek særleg omsyn til landskapet.

#### **Hydro Energi skal markere opp og sperre av kulturminnet i anleggsperioden og sjå til at kulturminnet ikkje vert råka i samband med anleggsarbeidet.**

Hydro er ansvarleg for å gjere underentreprenørar kjend med det automatisk freda kulturminna. Ved seinare høve i samband med vedlikehaldsarbeid skal og entreprenørar vere kjend med plasseringa av det registrerte kulturminnet».

Fylkeskommunen har ikkje merknader i høve til friluftsliv. Som ansvarleg mynde for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk, og vassregionmynde etter vassforskrifta peikar fylkeskommunen på at det må gjerast tiltak for å redusere faren for avrenning av massar nedover frå Storevatnet. Tiltaka må ikkje føre til redusert miljøtilstand for vassførekomstane i området.

Fylkeskommunen har omtalt villrein særskilt i fråsegna:

«Tiltaksområda ligg nord i Vest-Jotunheimen villreinområde, like sør for grensa til Reinheimen - Breheimen villreinområde. Reinheimen – Breheimen villreinområde er ein del av [Regional plan for Ottadalsområdet 2016-20261.pdf \(villrein.no\)](#), som Vestland fylkeskommune følgjer opp. Her ligg det føringar for arealbruk, som både kommunale, regionale og statlege verksemder må forholde seg til i deira planlegging.

Området rundt Skålavatn vert i hovudsak nytta som vinterbeite, medan sørsida vert nytta også til barmarksbeite. Det er kjent at dyr fra Vest-Jotunheimen trekker over mot Breheimen og området må difor reknast som trekkområde for villrein. Å betre tilhøva for trekk mellom det regionale villreinområde i Vest-Jotunheimen og det nasjonale villreinområde i Breheimen, er eit uttalt mål i den regionale planen.

Søraust for Skålavatn går det fleire trekkveggar, og dette området er sårbart. Delar av anleggsarbeida vil gå føre seg på vinterstid, mens det enno er snødekke i terrenget. Dette er ein sårbar periode for villreinen, då det er rett før kalvingstid og simlene er drektige på denne tida. Det er difor positivt at NVE føreslår avbøtande tiltak, og tydeleggjer viktigheita av å ikkje uroe villreinen unaudiv. Vi stiller oss positive til dei føreslegne forslaga, men



*meiner at tiltak i tredje kulepunkt må strammast inn og tydeleggjerast. Det kan ikkje vere ei bør formulering, og det bør teiknast klare rutinar og ansvar for gjennomføring av eit slikt pause-regime. Nemnda/Statsforvaltar og SNO bør vere involvert i eit slikt ansvarsregime».*

Luster kommune ga fråsegn til planen 30.11.2023:

*«Tiltaksområdet ligg i villreinområdet mellom Breheimen-Reinheimen og Vest Jotunheimen, i eit fokusområde som er spesielt sårbart. Området nord for Sognefjellsvegen er eit trekkområde som er viktig for utveksling mellom desse to stammene av villrein. Tiltaket vil forstyrre villreinen i den planlagde arbeidsperioden 26.12 til 15.4. I denne perioden er vegen frå Turtagrø vanlegvis stengd. Generelt bør motorferdsla avgrensast så mykje som mogleg. Føreslåtte tiltak for å avgrense forstyrring / ulemper for villrein er fresing av brøytekantar, stenging av veg med bom, og avbrot i arbeid ved observasjon av rein. Alternativt tidspunkt for gjennomføring av tiltaket bør vurderast til ein periode der vegen likevel er open for trafikk. Det er uvisst kor mykje trafikk det vil vere langs vegane i anleggsperioden, og om arbeidet vil gå føre seg samstundes på alle anleggsplassar, eller om det er arbeid på dei ulike stadene til ulike tider. Luster kommune går ut ifrå at villreinutval og villreinnemd for både Vest Jotunheimen og Breheimen/Reinheimen vert høyrde i planleggingsprosessen.*

*På midlertidige deponi, vegar og oppstillingsplassar bør det nyttast duk. Ved utviding av tipp Rydalen bør våtmarksområdet ikkje påverkast av utfylling. Det bør stillast krav til økologisk revegetering på tippar, kabeltrase og midlertidige vegar og oppstillingsplassar».*

*Vurderingar av fråsegner*

#### Kulturminne

HE opplyser i sine kommentarar til fråsegnene at «HE vil retta seg etter krav frå Vestland Fylkeskommune og sperre av området samt føra ekstra tilsyn med området slik at anleggsdrifta ikkje fører til skade på kulturminne».

NVE vurderer innspelet frå fylkeskommunen om merking av det freda kulturminnet som etterlevd. Vi har likevel sett vilkår om at entreprenør skal gjerast kjend med detaljplanen og dette vedtaket for å sikre at kulturminnet ikkje vert råka. NVE presiserer at maskinførarane og skal orienterast slik at dei kjenner til kulturminnet og restriksjonane som gjeld.

#### Villrein

I detaljplanen er det føreslege avbøtande tiltak av omsyn til villrein:

#### **Forslag til avbøtende tiltak:**

- **Frese ned brøytekanter:** Det kan bli aktuelt å frese ned deler av brøytekanterne for å lette passasjen for villreinen over veien. Dette gjelder langs veiene som vanlegvis er vinterstengte, men som skal brøytes i anleggsperioden.
- **Bom:** Det er en veibom ved Turtagrø som benyttes ved vinter- og nattestenging av Sognefjellet, for å begrense allmennhetens tilgang til motorisert ferdsel videre inn i området. Tiltaket skal ikke gjøre det enklere for turister og turgåere å ta seg inn i området. Tilgangen vil være forbeholdt Hydro og eventuelt andre med særskilt



grunn. Ved vei inn til Gjessingane er det veibom i dag, men denne benyttes ikke når Sognefjellsvegen er stengt ved Turtagrø.

• **Avbrudd i arbeid:** Arbeidet bør stanses dersom det observeres rein som tydelig er på trekk. Dette er antakelig mest relevant for bukkeflokker i barmarksesongen, men kan være aktuelt på vinterstid også. Når dyrene har passert kan arbeidet tas opp igjen.

Dei som har gitt fråsegn til planen har peika på at det må takast omsyn til villrein. Kort oppsummert tek innspela opp at villreinen vert uroa i den planlagde arbeidsperioden, at arbeid bør avbrytast medan der er villrein i området og at det må opprettast dialog med villreinnemnda i anleggsfasen.

HE har kommentert dette slik:

*«Tiltaka må gjennomførast i ein periode med lite tilsig til inntaksmagasinet i Skålavatn, dette relaterast til HMS og teknisk mogelegheit for gjennomføring. Det vil føregå arbeid på alle anleggsplassar samtidig med noko varierende oppstart og avslutningsdato som følgje av omfang. Veggen Turtagrø - Skålavatn vil bli brøyta dagleg og/eller ved behov. Personell som utfører arbeid i Skålabotn vil bu på brakkerigg som er oppført ved damvoktarbolig. Dette inneber at det i tillegg til brøyting kun er vekentleg skiftavløysing, dagleg anleggsoppfølging og sporadiske materialleveransar som forårsakar trafikk.*

*Oppstår det utfordringar med villrein kan skiftavløysing og anleggsoppfølging for ein periode gjennomførast med helikopter, og brøyting kan utsettast. Strekninga Turtagrø - Rya/Gjessingane vil ha dagleg trafikk i form av brøyting, pendling og materialleveransar.*

*HE ser at presisering i kulepunkt 3 s. 14 må tydeleg gjerast med følgjande kommentar: Det vil bli reduksjon i aktivitet eller heilt stopp i arbeidet på berørte anleggsområde dersom det i rimeleg nærheit observerast rein på trekk. Dette gjeld uavhengig av sommar/vinter og om det er bukk- eller fostringsflokk. Det blir kontinuerleg dialog med fjelloppsyn om desse utfordringane i tillegg til kommunikasjon med villreinetval og villreinnemnd under planlegging og gjennomføring».*

HE har stadfesta at arbeidet vert stoggar dersom villrein trekker inn i området og at det vert etablert ein fortløpande dialog med villreinnemnd og fjelloppsyn både under planlegging og gjennomføring av tiltaket. NVE vurderer innspela som gjeld villrein som etterlevd og føreset at det vert oppretta direkte dialog med villreinnemnd og fjelloppsyn slik det er opplyst.

#### *Vurdering av flaum og skredfare*

Flaum- og skredfare er omtalt i detaljplanen. Det er opplyst at det er utarbeidd ein eigen rapport for vurdering av skredfare i tiltaksområda og langs anleggsvegar som skal nyttast og brøytast i samband med arbeida. Plassering av rigg og disponible areal er gjort i samråd med ingeniørgeolog og i samsvar med vurderingane i skredfarerapport. Det er planlagt ytterlegare skredfarekartleggingar.



### *Vurderingar etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 21.03.2024. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Der er villrein i influensområdet og dette er ein nasjonal ansvarsart. Avbøtande tiltak av omsyn til villrein er omtalt ovafor.

I nærleiken av tiltaksområdet er der registrert mogleg hekking av kongeørn. Ved Skålavatn er der registrert bergand som har status som sterkt trua. Det er anteke at dette er ein hekkelokalitet. I området som er planlagt teke i bruk ved Gjessingane og Rya er der registrert fleire observasjonar av gauk og taksvale som begge er nær trua. Ved Nausanosi er heile lia nedafor markert som eit mogleg habitatområde for mnemosynesommarfugl som er nær trua.

Arbeidet ved Nausanosi vil eventuelt vere mest i konflikt med førekomsten av kongeørn. I detaljplanen er det opplyst at anleggsarbeidet der er planlagt vinterstid, og at det i hovudsak vil føregå inne i tunnelen. Det er opplyst at utstyr vil flygast inn med helikopter om hausten. Etter NVE si vurdering er det flyging med helikopter som vil utgjere den største uroa for ørn. NVE har drøfta spørsmålet med Statsforvaltaren i Vestland. Flyging frå og med august månad og vidare ut over hausten vil ikkje utgjere ein vesentleg risiko, men flyging tidlegare på sommaren kan uroe ei eventuell hekking. Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om at helikopterflyging før august månad skal unngåast. Dersom dette likevel viser seg nødvendig for å gjennomføre tiltaket skal Statsforvaltaren i Vestland kontaktast for å avklare tidspunkt og flyrute.

Det er ikkje forventa at arbeida ved Nausanosi vil påverke førekomsten av mnemosynesommarfugl sidan arbeida vil føregå om vinteren og for det meste inne i tunnelen.

Bergand: I detaljplanen er det opplyst at «Anleggsarbeida ved Skålavatn er planlagt vinterstid i en periode der arten overvintrar langs kystnære strøk. Difor er det ikkje forventa at arbeida vil komme i konflikt med bergand». NVE har drøfta dette med Statsforvaltaren i Vestland som stiller seg bak denne vurderinga.

Hekking av Gauk og Taksvale kan førekommen i nærområdet til arbeida som skal gjennomførast ved Gjessingane og Rya. Anleggsarbeida vil i hovudsak føregå i ein avgrensa periode om vinteren og anleggstøy er ikkje vurdert til å utgjere ein vesentleg risiko.

Med bakgrunn i dei avbøtande tiltaka som er skildra i detaljplanen, HE sine kommentarar til fråsegnene og vilkåra som er sette er ikkje tiltaket i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4, eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.



Vi har og vurdert tiltaket sine verknader i samband med anna påverknad av naturtypar, artar og økosystem. Området der tiltaket vert gjennomført er prega av tidlegare fasar i utbygging- og vedlikehald av kraftanlegget. Tiltaket vert gjennomført i ein avgrensa tidsperiode og i stor grad ved bruk av areal som allereie er opparbeidd. Samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er vurdert etter naturmangfaldlova § 10. Ho er ikkje så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Etter krava i § 11 og § 12 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved, og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. De har opplyst kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å ta vare på lokal toppmasse og nytte dei til istandsetting av arealet som vert teke i bruk. Kostnadene for dette vert dekte av HE.

### **Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til**

#### *Plan- og bygningslova*

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

### **Søknader om avvik minstevassføring og seinking av Skålavatn under LRV**

Det er planlagt å stogge Skagen kraftstasjon i samband med tiltaket. Det er sendt søknad til NVE om avvik frå kravet om minstevassføring. Søknaden er til handsaming, og det må føreligge avgjerd i denne saka før Skagen kraftverk vert stogga. Løyve til mellombels seinking av vasstand under LRV i Skålavatn må føreligge før arbeida der tek til.

### **Forskrift om damsikkerheit**

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

#### *Private rettigheiter*

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege forhold før anleggsarbeida tek til.

#### *Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk*

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.





**Det skal sendast inn dokumentasjon til Luster kommune når anlegget er ferdig bygd**

Når arbeida er gjennomførte skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til kommunen slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

**Høve til å klage**

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngeving, kan du be NVE om å få ei grunngeving. Du må be om grunngevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

### Mottakarliste:



HYDRO ENERGI AS

**Kopimottakarliste:**

HYDRO ENERGI AS - Kristen Johannes Rockland Aarethun

LUSTER KOMMUNE

HYDRO ALUMINIUM AS - Knut Stokkenes

Luster Turlag

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

DNT Oslo og omegn

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Breheimen Nasjonalparkstyre